

## Hoffuen – Sørhove - Storhove (gnr. 184-186)

Kring 1650 var det vorte to grannegardar som i matrikkelen av 1668 baa har den framande skriveforma Hoffuen. I bygdemålet vart det eine kalla Sørhove "Ner i Gard" og den andre Sørhove "Oppi Stu(gu)a". Namnet Storhove om Sørhove nedre kom først i bruk seinare. Baa Sørhove-gardane var etter måten store gardar, og vi skal her omtala dei kvar for seg.

### Sørhove nedre – Storhove

Det var Olaf Engebretsen som i 1668 brukte og for ein stor del åtte Sørhove nedre. Landskylda av garden var da 4 huder 3 ½ skinn, og av dette åtte brukaren sjølv 3 huder 9 skind. Om garden er det elles fortalt at enga, innmarka var god, og at det var skog til gards bruk og dessutan tømmerkog. Buskapen av store husdyr var i den tid 4 hestar og 26 storfe, og det var seter og sommarbeite åt krøtera på Reina seter. Det er elles opplyst at Hoffuen i den tid var "Rytter hoffuit kvarter". Om folket på garden er vidare fortalt at husbonden Oluf Engebretsen da var 93 år, men at han hadde fleire vaksne søner som kunne ta over etter seg. Av dei var Engebret da 37 år, Syver 29 år, Jon 28 år og Laurits (Lars) var 23 år. – Tretten år seinare var det sonen Engebret Olsen som hadde overtatt Sørhove nedre. Broren Jon er da kalla Jon Borud, og han var da med og gav skjøte til broren Engebret på 8 skinn 3 fetlingar jordegods i Hofuind.

Etter atter 6 år var det skifte på ein plass under Sørhove. Den døde som det vart skifta etter, er kalla Peder Iversen Worm, og han hadde vore gift to gonger: først med Karen Andersdatter og så med Anne Engebretsdtr. Arvingane ved skiftet var dei to borna i 1. ekteskap: Anders og Marte og dei to borna i 2. ekteskap: Kristen og Karen. Plassen det her er tala om, hadde høgst truleg fått namnet etter Worm og vart til Wormstu(gu)a.

I 1723 var det Lars Engebretsen som var eigar og brukar på Sørhove nedre. Det er da fortalt om "Hoven" av skyld 4 huder 1 ½ skinn at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten er god. Husdyrhaldet på garden var i den tid 6 hestar, 2 føl, 30 storfe, 22 sauer og 15 geiter, og den årlege høyavlinga utgjorde ca. 65 lass. Det er vidare fortalt at den årlege utsæden var kring 9 tdr. bygg og litt rug. Garden hadde elles eiga kvern, fiskeri i Laugen og to husmannsplassar, den eine med brukande jord. Samtidig vart det gjort framlegg om å høgde landskylda av garden med 4 ½ skinn til 4 huder 6 skinn.

Frå åtte år seinare er ei opplysende sak, som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

"1. mai 1731.

Åstedssak ved Sør-Hovens ytre fiskevarp.

Grd. Sør-Hovens besiddere, Lars Engebretsen, Lars Larsen og Rasmus Halvorsen har innstevnt Lars Rindal, Lars Nygaard, Niels ødegaarden og Peder Reestad fordi de i denne vår meget djervelig og likesom med vold er innfaldt på citanternes eiendomsgrund for Hovimoen ved Lougen og der med sine folk er begyndt å arbeide og innrette sig et nytt Lagesildvarp og har tatt sten til dette av citanternes gamle varpegaard.

Av de innstevnte møtte Peder Reestad som opplyste at de innstevnte var leiet av foged Svend Stenersen til å reparere og forbedre Wippens fiskeri som tilhører Kjerne gaard på Hedemarken.

Eragtet: Da de innstevnte er leiet til dette arbeide og forskyter sig paa fogden og Kjerne gaards besidder, så kan nu intet videre foretages, men bero til hovudmannen lovlig er varslet. Ti henvises saken til nytt stevnemaal."

Saka viser som ein ser attende til ei nokså fjern fortid.

Seks år seinare var i 1737 Lars Engebretsen på Sørhove nedre død, og det var arveskifte etter han. Ved dette skiftet åtte buet 3 huder 9 skinn i "Hove" og 3 skinn i "Giettestad", og det utgjorde brutto 882 rd. og netto 583 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Gjertrud Larsdtr. dei 7 borna i ekteskapet. Av dei var eldste sonen, Peder, 39 år og hadde overtatt Sørhove nedre. Broren Lars Larsen hadde Giettestad, broren Ole var 31 år, broren Kristen 28 år og broren Johannes Larsen var 25 år. Søstera Anne Larsdtr. var gift med Peder Larsen, og søstera Marit Larsdtr., som var 19 år, var enda ugift. Peder Larsen og dei andre brukarane på Sørhove hadde i 1748 ei sak mot grannen Thomas Skjeggestad. Saka, som galdt sameige og åvirke i Hovemoen er frå ei tid da furubar var eit viktig krøterfôr, og er i utskrift referert slik:

"9. aug. 1748.

Peder, Erich, Ole og Lars Søndre Hoven kontra Thomas Skjeggestad ang. åvirke i Hovemoen.

Avsagt: Hoven og Skjeggestadmoen, en med skog bevokset hjemhage som ligger mellem parternes gårde, Søndre Hoven og Skjeggestad er av oppsiddernes forfedre delt i 2 parter således at Søndre Hoven som består av 2 fulde gårde skulde ha sin eiendom på nordre side og Skjeggestad som er en gård den søndre og mindre part. Da ingen ved misbruk eller ulovlig bruk kan fange hevd, og Thomas Skjeggestad ikke har bevist annet enn at han så vel for noen år siden som det påstevnte siste år har fornærmet Citanterne på deres eiendom, så kjennes for rett: at Thomas Skjeggestad bør til citanterne Peder, Erich, Ole og Lars Sør-Hoven betale skadegjeld av det i deres skog åvirkede 18 læs toldbar med 36 skl. og landnam av samme med 36 skl. og herefterdags holde sig innen sine grendser. Videre betaler Thomas Skjeggestad 20 rd. til citanterne i omk. og 3 ½ ort til justitskassen. Endelig bør begge Skjeggestads oppsiddere, Thomas og Niels efter anlod være med Storhovens oppsiddere å istandsette og vedlikeholde skiftehaften."

Frå 13. april 1754 er 3 tinglyste dokument som i grunnen gjeld skifte av arv på Sørhove nedre: Peder Larsen Sørhove og kona hans Randi Christensdtr. hadde to døtre, Marit og Marie. Marit vart gift med lensmann Poul Simensen Tofte i Gausdal, og søstera Marie vart gift med Christen Henningsen på Vingnes. Det vart så i 1754 helde skifte av arven til døtrene på Sørhove nedre medan både foreldra var i live, og lensmann Poul Simensen betalde med det same ut arvelotten til fru Marie Henningsen på Vingnes. Samtidig gav så Peder Larsen Sørhove skjøte til eldste dotter si Marit og mannen hennar lensmann Poul Simensen Tofte og arvingar på "hans odels og eiendomsgaard Nedre Sørhoven, som i alt skylder 4 huder 2 skind, hvorav de 1 ½ skind er til brukelig pant for 100 rd. overdratt til hans bror Lars Larsen Giettestad og det ½ skind er ¼ skind i Rena fiskevand, for sum 1190 rd. som han har betalt således at han har uttellet til svigerfaren de 1090 rd. og de øvrige 100 rd. betaler til Lars Larsen mot Giettestads innløsning. Han har vedtatt å være selgerens, hans hustrues og selgerens far Lars Sørhovens fremfødselsmann." I samband med dette gav så lensmann Poul Simensen vidare føderådskontrakt til "hans svigerforeldre Peder Larsen og Randi Christensdtr. og den gamle Lars Sørhoven på føderåd for levetid av garden Sørhoven i Fåberg prestegjeld."

Eit år etter denne handelen gav elles i 1755 lensmann Poul Simensen Mitvold, som han da skreiv seg, bygselseddel til svigerfar sin Peder Larsen på odels garden Sørhove nedre, "og som han nu må bruke og benytte på leilendingsmåte." Bygselseddelen vart og oppattnya i 1758 og skulle da gjelde for Peder Larsens levetid. – Men i 1760 gav så lensmann Poul Simensen Wold skjøte til verfaren sin, Peder Larsen, på garden Sørhoven med tilliggende bruk. Samtidig selde Peder Larsen garden vidare og gav skjøte til Knut Tostensen Sprækenhus (av Øyer) og arvingar for kjøpesum 1950 rd. Av til- og underliggende bruk til garden er da

særskilt nemnt Wormstuen, Lærhullet, Moen og Haugen og Reena fiskevatn. Bruket Giettestad var derimot ikkje med i handelen.

Knut Tostensen Sprækenhus som kjøpte Sørhove i 1760, budde der framleis i 1764. Han lånte da 350 rd. av Kristen Nielsen Bjerke mot 4% årleg rente og 1. pr. pant i hans "eiende gård Søndre og Nedre Hove av skyld 4 huder". Men 4 år seinare var det i 1768 atter lensmann i Gausdal Poul Simensen Wold som åtte garden. Han gav da bygselseddel til Ole Engebretsen Ellingsberg på forpaktning av "gården Sørhoven Needre Stue" av skyld 4 huder ½ skinn mot å svara alle ordinære og ekstraordinære skattar og tiender og betale i årleg forpaktingsavgift 80 rd. Forpaktningstida var på 6 år.

Frå 1770 er ei fredlysings sak som og kan vera av interesse, og som i utskrift har denne ordlyden:

"Fredlysning dat. og tinglest 15. oktober 1770.

Da justitsrådinde Jentoft av Stor Hammer på Hedemarken ved skjøte av 3. jan. d.å. til klokker Erich Bjørnsgaard på Schindstakrud, Ole Melum Peder Øvre Jørstad og Lars Olsen Korsrud har solgt lagesildfiskevarpet Miøsholen kaldet i Fåberg prestegjeld beliggende imotstående Paul Simensen Volds og Erich Pedersens Sørhovens tilhørende gårde Sørhovens eiendomme, og hun i bemeldte skjøte skal ha anført skaug til fornødenhet, så da man kan befrygte kjøperne efter skjøtets formel ville foreta sig å hugge fornødent til dette fiskeri i den nærmest motstøtende skog, så fredlyser hermed Paul Simensen Vold og Erich Pedersen Sørhoven sin skov."

I 1784 finn ein at lensmann Poul Simensen er kalla Poul Simensen Haave og var flytt dit. Han hadde da innstemnt husmannen Ole Larsen Wormstuen fordi han ikkje hadde gjort pliktene sine som husmann, og vart dømt til å flytte frå plassen og å betale 4 rd. i saksomkostningar. Frå året etter er ei sak mellom lensmannen i Fåberg Christen Fliflet og tidlegare lensmann i Gausdal Poul Simensen, der den sistnemnde vart dømd til å betale 327 rd. med renter til lensmann Chr. Fliflet. I det heile hadde tidlegare lensmann Poul Simensen mange rettssaker dei siste åra han var brukar her på garden sin. I 1793 gav han så skjøte til sonen sin Peder Paulsen på grd. Sør-Haave av skyld 4 huder for sum 2000 rd. I samband med denne handelen lånte kjøparen 1599 rd. av lensmann Iver Fliflet mot 1. pr. pant i grd. Sør-Haave av skyld 4 huder. Frå to år seinare finn ein av Peder Paulsen var med som underskrivar ved den store fredlysinga av hasselnøttskogen i Balberglia. Det ser ut til at den nye eigaren av garden både i skrift og tale til vanleg vart kalla Peder Haave.

Peder Poulsen Haave var og eigar og brukar på Sørhove nedre under folketellinga i 1801. Det budde da 8 familiar med i alt 45 menneske her på og ved den gamle storgarden. Det var:

1. familie: 1. Peder Poulsen, husbonden, 45 år, 2. Anne Iversdtr., kona hans, 45 år, 3. Iver Pedersen, son deres, 20 år, 4. Poul Pedersen, son deres, 17 år, 5. Ole Pedersen, son deres, 11 år, 6. Christense Pedersdtr., 14 år, 7. Inga Engebretsdtr., tenestkvinne, 28 år, 8. Eli Engebretsdtr., tenestkvinne, 29 år, 9. Iver Larsen, legdslem, 78 år.
2. familie: 1. Marit Pedersdtr. husmor, føderådskone, 72 år, 2. Erland Poulsen, dagarbeidar, 35 år, 3. Hans Poulsen, bror til husbonden, dagarbeidar, 33 år.
3. familie: 1. Nils Jonsen, husmann med jord, 51 år, 2. Ragnild Poulsdtr., kona hans, 54 år, 3. Jon Nilsen, son deres, 21 år, 4. Amund Nilsen, son deres., 9 år, 5. Martha Larsdtr., pleiebarn, 4 år.
4. familie: 1. Kristen Gutormsen, husmann med jord, 46 år, 2. Ingeborg Olsdtr., kona hans, 45 år, 3. Rønnaug Kristensdtr., dotter deres, 16 år, 4. Kristian Kristensen, son deres, 8 år, 5. Kristen Kristensen, 4 år.

5. familie: 1. Amund Eriksen, husmann med jord, 30 år, 2. Mari Pedersdtr., kona hans, 41 år, 3. Peder Amundsen, 6 år. 4. Anne Amundsdr., 4 år. 5. Magnhild Amundsdr., 1 år. 6. Mari Pedersdtr., mor til kona, 76 år.
6. familie: 1. Johannes Pedersen, husmann med jord, skomaker, 42 år, 2. Marta Kristensdtr., kona hans, 44 år. 3. Ole Johannesen, 10 år, 4. Kristen Johannessen, 3 år, 5. Inga Johannesdtr., 7 år, 6. Gjertru Pedersdtr., mor til mannen, 77 år.
7. familie: 1. Even Kristensen, husmann med jord, 37 år, 2. Anne Pedersdtr., kona hans, 39 år, 3. Anne Evensdtr., dotter deres, 14 år, 4. Ingeborg Evensdtr., 9 år, 5. Mari Evensdtr., 7 år, 6. Peder Evensen, 3 år.
8. familie: 1. Anne Hansdtr., husmor, enke, 51 år, 2. Anne Engebretsdtr., dotter hennes, 24 år, 3. Ole Engebretsen, 18 år, 4. Hans, 12 år, 5. Kristen 9 år.

Peder Poulsen Haave hadde Sørhove nedre framleis under innsamlinga av opplysningar for matrikkelframlegget av 1819. I dette framlegget finn ein namnet på garden skrive Stor Haave. Buskapen av store husdyr var da 9 hestar og 46 naut, den årlege kornavlinga var ca. 120 tdr., og elles er det opplyst at det framleis var 5 husmannsplassar til garden.

Seks år seinare gav så i 1825 husbonden Peder Poulsen skjøte til Ole Iversen Bjerke på grd. Storhaave av skyld 4 huder ½ skinn, og etter atter seks år gav i 1831 Ole Iversen føderådsbrev til Peder Poulsen og hustru og sonen Iver Pedersen.

Ved matrikuleringa i 1839 var Storhaave vorte delt i 4 løpenummer med ny matrikkelskyld. Det var: 1. matr.nr. 119, løpenr. 150a Stor-Hoven med Renaa fiskeri av ny skyld 22 skylddalar 3 ort og 20 skilling, som Iver Gundstad hadde overtatt, 2. løpenr. 150b Hoven-Ødegaard av skyld 1 dlr. 3 ort 13 skl. med Ole Pedersen som oppsittar, 3. løpenr. 150c Hovenløkken, skyld 2 ort 20 skl., som Nils Eriksen hadde, 4. løpenr. 153 Gjettestad nedre, skyld 3 dlr. 16 skl., der Johannes Rasmusen var oppsittar. Frå denne tid blir det elles etter kvart fråparsellert og selt fleire bruksnummer av Storhove. Ved ei skylddelingsforretning i 1849 vart såleis Liasanden Fiskeri av Storhove og Sørhove øvre fråskilt og ved auksjonsskjøte selt til kaptein Pettersen, som selde det vidare til Ole Olsen Roverud. Før hadde dette fiskeriet lenge ligge til Stange sokneprest, som årleg skulle ha "1 kvarter god og vel saltet lagesild" i avgift. Liasanden Fiskeri vart i 1880 elles selt av Lars Olsen Roverud til Mathias Amundsen Nordlien og Per Johannessen Sørlien.

Når det gjeld andre bruksnr. under Storhove, er det frå 1852 ei brukskontrakt mellom eigaren av Storhove og eigaren av løpenr. 150b Haaveødegaarden ved Ole Pedersen om eit kvernbruk. Tjuge år seinare gav i 1872 Ole Pedersen skjøte til Ole Christiansen Sørsveen på Haaveødegaarden og Olasveen av Storberget for kjøpesum 300 spd. + føderåd til seljaren Ole Pedersen Hove. Ole Kristiansen Haaveødegaarden hadde garden til i 1904; da testamenterte han Haaveødegaarden til Arnt Simensen også med familienamnet Haaveødegaarden.

På Gjettestad nedre fekk i 1856 Ole Halvorsen Knutrud etter kontrakt med Johannes Rasmussen fråskilt eit stykke jord til "Bebyggelse, Beboelse og Bruk", og to år seinare gav i 1858 Johannes Rasmussen skjøte til farger Mathias Olsen på ein annan parsell av skyld 6 skl. Vidare fekk i 1859 Amund Kristoffersen Gutuen skjøte på ein fråskilt parsell av skyld 20 skl. for sum 200 spd. Endeleg selde så i 1861 Johannes R. Gjettestad resten av eigedommen løpenr. 153 til rekneskapsførar H. Sivertsen for sum 2600 spd.

Iver Gundstad, som hadde Storhove i 1839, tok snart namn etter garden og kalla seg Iver Haave. Frå 1857 er ei husmannskontrakt der Iver Haave gav bygsel til Ole Eriksen på "Pladsen Haavehaugen". I 1870 vart ein parsell Rasmusingen av skyld 16 skl. fråskilt og dette bruket vart i 1903 av legitime arvingar selt til Lars Simensen Lundhagen.

Meir om storleiken på gardane i den tid går fram av jordbrukstellingane av 1865. Der er det om Storhove fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da var 620 mål, og av dette var 225 mål jord av 1. klasse. Det var av dei største jordbruksareal som nokon

einskild gard i Fåberg da hadde. Vidare er det frå jordbrukstellinga fortalt at buskapen på sjølve garden Storhove var 9 hestar, 37 storfe, 20 sauver og 12 geiter, men dertil var det på husmannsplassane til garden til saman 13 storfe, 24 sauver og 6 geiter. Først på same måten var utsæden det same året på sjølve Storhove: 1 td. rug, 16 tdr. bygg, 4 tdr. blandkorn, ½ td. erter og 10 tdr. settepoteter, men dertil var utsæden på husmannsplassane til saman 1 td. bygg, 5 tdr. blandkorn og 7 tdr. settepoteter. Vidare er det og oppgitt at buskapen på Haaveødegarden var 1 hest og 5 storfe, og at utsæden der var 1 td. bygg, 1 td. blandkorn, litt rug og 1 td. settepoteter; på ein plass til garden var dei tilsvarende tal: 2 kyr, 2 sauver, og av utsæd: ½ td. bygg, ½ td. blandkorn og ½ td. poteter.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld i mark og øre. Storhove i Fåberg fekk da gardsnr. 184 med ei samla skyld av 45,14 mark, og det vari 1886 alt åtte bruksnr. under gardsnummer 184. Det var: a. Gr.nr. 184, br.nr. 1 Stor-Hove av skyld 33,99 mark, som Jon og Iver Iversøner i den tid brukte, b. br.nr. 2. Ødegaarden, skyld 3,02 mark, oppsittar Ole Kristiansen, c. br.nr. 3, Løkken, skyld 0,39 mark, oppsittar Erik Olsen, d. br.nr. 4 Rasmusringen, skyld 0,22 mark, oppsittar Kristian P. Gjeistad, e. Br.nr. 5 Lisandens Fiske av skyld 0,06 mark og med Matias Nordlien og Peder Sørlien som eigar og brukar, f. Br.nr. 6 Gjeitstad nedre, skyld 6,94 mark, oppsittar Hans Sivertsen, g. Br.nr. 7 Gjeitstad nedre, skyld 0,06 mark, oppsittar Kristian Jacobsen Rundtom, h. Br.nr. 8 Gjeitstad nedre, skyld 0,46 mark og med Amund Kristofersen som eigar og brukar.

Frå same året, altså 1886, er elles ei kontrakt mellom Jon og Iver Storhaave og Ludv. Breiset som brukar av Haaveløkken, der han fekk løyve til i framtida å ha ei steinvelt i berga nedanfor fjøset på Stor-Hove.

Tre år seinare gav i 1889 Jon og Iver Iversøner Storhaave skjøte til Christians Amtskommune på grd. Stor-Hove av skyld 33,99 mark til landsbruksskole for amtet.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da dessutan handla med desse bruksnr. under garden: Kjøpmann Oluf Fagstad hadde i 1905 kjøpt fjerdeparten av Reina fiskevatn, og Statsbanene hadde kjøpt br.nr. 10 av skyld 1,70 mark. I 1906 kjøpte Karl Jacobsen br.nr. 11 Korgen av skyld 0,16 mark, og samtidig kjøpte Ole Mathisen br.nr. 12 Moshølen. Vidare vart i 1907 br.nr. 13 seld til Kristian Hovemoen.

Av dei kommunale manntal som kjelde går det elles fram at i denne tid var landbruksskulen på Stor-Hove kome i gang. I 1901 budde såleis landbruksskulestyrar Nils K. Ødegaard og hustru på Hove landbruksskole. I 1907 var det Johan L. Hirsch som var direktør der og budde på Storhaave. Da var og landbrukslærer Peter Bærøe vorte tilsett ved skulen, og han og fru Birgit hadde flytt inn i den nye heimen sin i Augeli. Johan P. Skurdal var elles verksmeister og Dordi Høie var husbestyrerinne på Storhaave i den tid.

Under dette var det ender og då også fråparsellering i nyare tid. I 1939 kjøpte såleis Gunnar Engeset gr.nr. 184, br.nr. 16 Slette av skyld 0,06 mark, og br.nr. 17 Bekkelund av skyld 0,03 mark vart samtidig selt til Kristian Braaten.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det såleis vorte 17 bruksnummer under gardsnr. 184 Stor-Hove. Av desse 17 bruk var det likevel i 1939 berre 9 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: 1. gr.nr. 184, br.nr. 1 Storhove med eit jordbruksareal på ca. 460 mål og med Oppland fylkeskommune som eigar og Oppland landbruksskole som brukar, b. br.nr. 2,6 Håveødegård med areal ca. 60 mål og Arnt Håveødegård som eigar og brukar, c. br.nr. 4,8 Jeistadødegård, areal ca. 20 mål, eigar og brukar Kr. Jeistadødegård, d. br.nr. 6 Jeistad, areal ca. 100 mål, eigar og brukar Bernt Alseth, e. Br.nr. 11,14 Korgen nordre, areal ca. 12 mål, eigar og brukar Tor P. Bådshaug, f. Br.nr. 12 Moshølen midtre, areal ca. 12 mål, eigar og brukar Ole Moshølen, g. Br.nr. 13 Haavemoen, areal ca. 50 mål, eigar og brukar Kristian Haavemoen, h. Jeistadhaugen, areal ca. 10 mål,

eigar og brukar Peder Jeistadhaugen, i. Br.nr. 7 Fargeriet, areal ca. 10 mål, eigar og brukar Jørgen Johansen.